

## Saksprotokoll i Hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019

Åsmund Berthelsen, SV, sette fram slikt tilleggforslag på vegner av A, MDG, V, KrF, SP og SV:

### «Skjerping av minimumskravet som vilkår for norsk statsborgerskap

#### Norskmål §32

Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å innvilge norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unntak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk.

Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrara risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrara med innskerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.

#### Retten og plikt til karriererettleiing §12

Det er positivt at fylkeskommunen skal overta og sørge for karriererettleiing, men mange stiller spørsmål om fylkeskommunen har kompetanse for karriererettleiing for denne målgruppa. Det bør vurderast om programrådgjevar som har ansvaret for utforming av individuell plan i samarbeid med deltakar og oppfølging gjennom kvalifiseringsløpet, bør vere tilstades under karriererettleiinga.

#### Slutt mål for introduksjonsprogrammet §14 og kor lenge programmet varer § 16

Departementet foreslår slutt mål og differensiert varighet avhengig av skulebakgrunn og alder. Det ser ut som departementet er meir oppteke av å tidfeste når ein kandidat skal vere ferdig med utdanninga si, heller enn å ta omsyn til dei individuelle behova hjå kvar og ein kandidat. Slutt målet må ta utgangspunkt i kva som er realistisk å gjennomføre i løpet av programtida, også med tanke på dei nye obligatoriske elementa som skal vere med i programmet. Kor lenge programmet skal vare må ta utgangspunkt i individuelle kvalifiseringsbehov føre formell utdanningsbakgrunn og alder.»

### Avrøysting

Prosjektleiara sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Åsmund Berthelsen sitt forslag fekk 11 røyster og vart vedteke mot 3 røyster frå H og ein røyst frå FrP.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.

Tillegg:

### Skjerping av minimumskravet som vilkår for norsk statsborgerskap

#### Norskmål §32

Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å innvilge norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unntak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk.

Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarak risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarak med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.

### **Retten og plikt til karriererettleiing §12**

Det er positivt at fylkeskommunen skal overta og sørge for karriererettleiing, men mange stiller spørsmål om fylkeskommunen har kompetanse for karriererettleiing for denne målgruppa. Det bør vurderast om programrådgjevar som har ansvaret for utforming av individuell plan i samarbeid med deltakar og oppfølging gjennom kvalifiseringsløpet, bør vere tilstades under karriererettleiinga.

### **Slutt mål for introduksjonsprogrammet §14 og kor lenge programmet varer § 16**

Departementet foreslår slutt mål og differensiert varighet avhengig av skulebakgrunn og alder. Det ser ut som departementet er meir oppteke av å tidfeste når ein kandidat skal vere ferdig med utdanninga si, heller enn å ta omsyn til dei individuelle behova hjå kvar og ein kandidat. Slutt målet må ta utgangspunkt i kva som er realistisk å gjennomføre i løpet av programtida, også med tanke på dei nye obligatoriske elementa som skal vere med i programmet. Kor lenge programmet skal vare må ta utgangspunkt i individuelle kvalifiseringsbehov føre formell utdanningsbakgrunn og alder.